

BORGUND VIDAREGÅANDE SKOLE

Referat frå møte i AMU ved Borgund vidaregåande skole.

DATO: 21.06.2018

STAD: Borgund vidaregåande skole – Møterom: 24107- Brusdal (i administrasjonen)

Medlemmar i AMU - 2013/2014	Representant for	MØTT
Refsnes, Norunn	Merkantil avdeling	
Myklebust, Ståle	Byggfag	X
Larsen, Ingrid Sæther	Helse- og oppvekstfag	X
Flå, Lars Anton	Elektrofag	X
Wille, Hilde	Design og handtverk	X
Rekkedal, Øyvind	Teknikk og industriell produksjon	
Rørvik, Turid	Avd. for tilrettelagt opplæring	X
Humlen, Åge	Drift 1	
Jørgenvåg, Marit	Restaurant og matfag	X
Holten, Sonia Napoles	Drift 2	X
Petersen, Klaus Therkild	Hovedverneombod	X
Taklo, Stine	Bedriftshelsetenesta	
Lundanes, Lidvar	Kvalitetsleiar og HMS koordinator	X
Fagervoll, Jessie Strand	Rektor	X
Ljoså, Jørgen	Ass. rektor	X
	Elevrepresentant	
	Vara	
	Elevrepresentant	
	Vara	

Referent:

Sak nr	Saka handler om	Ansvarlig/tidsfrist
	Tidlegare saker	
Nye saker	<p>OU-PROSESSEN - ny handsaming</p> <p>AMU har i sak 18-17/18 handsama saka: Orientering om OU(Organisasjonsutvikling) på Borgund vgs Ass. rektor informere om OU prosessen som har vore og om korleis vi ønskje skolen skal driftast framover. Går raskt gjennom tilbakemeldingar frå dei tilsette og rektor si innstilling til organisasjonsutvikling på Borgund vgs Kommentar frå AMU: Vi må til neste skoleår sjå på avdelingsverneombod, det blir litt endring ved ny struktur og avdelingssamansetting. AMU tar innstillinga frå rektor til vitande, og om nokon har kommentar til kommentar gi tilbakemelding til rektor så raskt som mulig.</p> <p>I møte med dei tillitsvalde den 05.06.18 kom det fram argument for å fjerne stillinga som organisasjonsrettleiar. Dette er ei organisasjonsendring som då må handsamast i AMU. Under finn de vidare det som har skjedd i saka. Vedlagt fylgjer: 1) Skriv frå lærarorganisasjonane 2) Skriv frå skolelederforbundet og skriv vedk. stillinga som organisasjonsrettleiar 3) Skriv frå rektor om bakgrunn og kvifor rektor har meint at skolen kan forsvare å ha denne stillinga.</p> <p>Frå veke 23 OU-PROSESSEN – I høve til rektor si innstilling, har AMU ikkje kome med noko motforslag. Men lærarorganisasjonane har i samarbeids- og drøftingsmøte kome med forslag om at stillinga som organisasjonsrettleiar blir tatt bort. Saka skal opp att i samarbeids- og drøftingsmøte den 12.juni. Det blir lagt opp til eit ekstraordinært AMU enten torsdag den 15. eller 21.juni for å ta endeleg avgjerd.</p> <p>Frå info veke 24: OU-PROSESSEN – lærarorganisasjonane og Fagforbundet har med bakgrunn i den dårlege økonomien, fremja forslag om endring av dagens organisasjon:</p>	

Forslaget er at stillinga for organisasjonsrettleiing/prosessrettleiing blir tatt bort. Forslaget vil bli lagt fram for AMU torsdag den 21. juni 2018.

Rektor har mottatt eit signert skriv frå lærarorganisasjonane, med forslag om å fjerne stillinga som organisasjonsrettleiar ved Borgund vgs. Organisasjonane leverte dette skrivet etter at rektor i sist samarbeids- og drøftingsmøte, bad om å få skriftleg det dei hadde å seie om stillinga. Rektor mottok skrivet på epost den 06.06.18. (tillegg i referatet etter ønskje frå Utdanningsforbundet og Skolenes landsforbund) Fagforbundet er informert i etterkant og stiller seg bak kravet til dei andre. DELTA var ikkje orientert pga sjukdom.

Rektor innleia saka med kvar saka høyrer heime, under endring av organisasjonen (OU-prosessen) og ikkje under nedbemanning generelt knytt til klasser opp og ned. Endring av organisasjonen er ei sak for AMU og sidan rektor ikkje hadde innstilt på fjerning av stillinga i si innstilling til AMU, så må saka tilbake dit.

Før dei tillitsvalde stemte over saka, la NSLF (Skolelederforbund) fram synspunkt i høve til kva som er innhaldet i denne stillinga på vegne av sitt medlem. Skolelederforbundet bad om at skrivet vart protokollført og lagt ved saka til AMU.

Rektor la fram sine synspunkt på kvifor stillinga i si tid vart oppretta og kvifor rektor meiner dette er ei stilling som løner seg. Skrivet er vedlagt dette referatet og vil fylgje saka til AMU.

Skolens landsforbund meiner det vil få verknadar i skolekvardagen om stillinga blir fjerna, men det vil ein også få når ein må ta bort mange fagarbeidarstillingar og tolærarar. Undervisninga vil lide.

Norsk Lektorlag meinte det vart brukt alt for mykje tid på denne stillinga i møtet. Rektor sa at dette er ei organisasjonsendring der organisasjonane også må tåle å høyre synspunkt i mot sine egne forslag. Rektor meiner at alle skal vere godt opplyst om bakgrunn, økonomi og arbeidsoppgåver, før ein stemmer over ei organisasjonsendring.

Vedtak:

Desse organisasjonane sa ja til forslaget om at organisasjonsrettleiarstillinga skal bort og dei er dermed innforstått med at forslaget til organisasjonsendring blir sendt til AMU (endra etter kommentar til referatet frå Utdanningsforbundet og Skolenes landsforbund):

- Utdanningsforbundet
- NITO
- Skolenes Landsforbund
- Norsk Lektorlag
- Fagforbundet
- Norsk Sykepleierforbund

Lærarorganisasjonane ber om at deira skriv levert på epost til rektor den 06.06.18 fylgjer saka til AMU. (Endra etter kommentar til referatet frå Utdanningsforbundet og Skolenes landsforbund.)

Saka blir sendt til AMU for handsaming, truleg den 21.juni.

Drøftingar på møtet:

Dette er eit ekstraordinært møte i AMU med ei sak, OU og stillinga som organisasjonsrettleiar på Borgund vgs. Har vi økonomi til å behalde stilling slik situasjonen er i dag?

Det har i etterkant av sist drøftingsmøte kome henvendingar til rektor og HMS-ansvarleg, med tankar og moderering av saka. Rektor har ikkje ønskje om at dette skal være negativt lada, men det er eit reelt framlegg og ho må ta det alvorleg.

Rektor er også glad for moderering, men essensen er framleis forslag om å fjerne stillinga som organisasjonsrettleiar på Borgund vgs. Og om det er einigheit i AMU at vi brukar meir tid på dette, er det heilt ok.

Dette er ikkje ei personalsak med ei oppseiing, men ei endring av organisasjonen og det dreier seg om vi har råd til å behalde stillinga.

Rektor vise oversikt over økonomi mot arbeid som ligg til stillinga, og ho meiner det lønar seg å ha ein organisasjonsrettleiar i organisasjonen. Han bl.a blir brukt i førebygging av konflikt blant personale og krisehandtering av enkelte elevsaker som haster.

Det kjem opp spørsmål om rektor har eit reknestykke, før/etter, om det går å vise kostnader og resultat.

Og kompetanse; skal ikkje mange av elevsakene handterast på 2. linjetenestene?

Ofte var det heile team som var involvert, og det ga store kostnader å ha ekstern hjelp. Rektor meine det er færre personalsaker etter tilsetting av organisasjonsrettleiar, og vi klare lettare å sette i gang førebyggjande tiltak . Når det gjeld elevsakene er han ofte bindeledd til eksterne tenester, før neste skritt med vidare hjelp.

AMU tru det er eit viktig å vise eit reknestykke, og noko å legge fram til dei tilsette. Alle bør få vita at det er reelle tall og kostnader/utgifter på konflikhtar. AMU ber også rektor om å tydeleg legitimere og opplyse bakgrunn til stillinga, og lage ein tydlegare stillingsinstruks. Viktig at det blir gjort ei skikkelig vurdering, og at organisasjonane blir godt informert.

Det er rektor sitt utgangspunkt å behalde stillinga, men det blir stadig stilt spørsmål om å legitimere grunn for å behalde den.

Uansett kva avgjerda blir, har den som har stillinga rettigheter og skal takast vare på. Skal stillinga bort er det nokon som må ta over oppgåvene han har i dag, og det vil ha ein effekt i organisasjonen. Det er allereie kutta 160 % stilling i leinga.

Rektor spør om det er mulig om ei avtale der vi ventar og tenkjer litt til, før vi bestemme oss?

HMS ansvarleg meine tala i rektor sitt skriv er vanskeleg å dokumentere med 100% sikkerheit, og den økonomiske besparinga er utydeleg for andre som ikkje kjenner saka inngående. Han blir usikker når det i etterkant har komme inn tilbakemeldingar frå tilsette som ikkje er komfortabel med vedtaka i eigen organisasjon. Han synest det er vanskeleg å avgjere saka her i dag og ønskje å utsette saka for å få den grundigare belyst.

Vedtak:

AMU forstår behovet for å snu alle steinar i ein økonomisk krevjande situasjon. AMU er merksam på at dersom stillinga som organisasjonsrettleiar skal takast bort, må det skje ei ny fordeling av oppgåver utan at det blir tildelt nye ressursar. Før det evt. blir bestemt at stillinga skal takast bort, ber AMU om:

- 1) Att ansvarsområdet blir definert tydelig,
- 2) At innsparinga ved å oppretthald blir tydeliggjort.
- 3) At en lager en plan for korleis arbeidsoppgåvene skal fordelast viss stillinga skal avviklast.
- 4) Den nye informasjonen blir sendt til organisasjonane for ny handsaming.

Saka blir tatt att hausten 2018.

Vedtaket er samrøystes.